



DEN NORSKE KYRKJA

Ålhus og Helgheim sokneråd Referat 12.02.26

Styre, råd og utval Ålhus og Helgheim sokneråd	Møtestad Skei Misjonshus	Møtedato 12.02.2026
Arkiv nr.		Møteslutt 18.00 - 18.50

Til stades på møtet:

Desse møtte: Hildegunn Huus (leiar Helgheim), Anette Svidal Slåtten (leiar Ålhus), Ingvill Støfringsstøl, Alice Nesje, Bjørn Anders Steinsund, Steinar Dvergsdal, Marit Vallestad, Norvall Nedrebø, Bernt Kjøsnes, Magne Kvinge, Solveig Lesto, Inger Johanne Klakegg, Ingeborg Slåtten, Camilla Klakegg, Aud Førde, prost Knut Magne Nesse (på teams under sak 4/26 – den vart tatt først i møte).
Meldt forfall
Saker 01 – 06/26

Opning ved Hildegunn

Sakliste:

Sak 01/26 Godkjenning av innkalling.

Vedtak: Innkallinga godkjent.

Sak 02/26 Godkjenning av referat av 27.11.2025

Vedtak: Referat godkjent.

Sak 03/26 Konfirmantfesten 19. april 2026.

Søndag på Vassenden kyrkjesenter.

Vedtak : Komite som i fjor : Anette (ansvarleg), Bjørn Anders og Norvald.

Opplegg som i sist : blir sett opp arbeidsliste - mat blir bestilt frå Jostein Berg.

Ha ein dialog med kyrkjesenteret om dei evt vil kome med tilbod på mat.

Sak 04/26 Sokneprest stillinga i Jølster.

Fekk orientering om søkjar – søkjaren har vore inne til intervju med prosten og Inger Johanne Klakegg.

Vedtak: Soknerådet i Helgheim og Ålhus var positive til at Selma Dahle Kraft får tilbod om stilling som prest i Jølster.



DEN NORSKE KYRKJA

Ålhus og Helgheim sokneråd Referat 12.02.26

Sak 05/26 Kirkens Nødhjelp sin fastaksjon 23.mars 2026.

Marit og Alice er i komiteen. Opplegg blir nok som tidlegare. Dei tar kontakt om dei treng hjelp.

Sak 06/26 Meldingar/Orientering

- Kyrkjelydane i "Sunnfjordkyrkja" samarbeider om eit felles opplegg, Bibeltimar som startar oskeonsdag. Deretter fire torsdagar fram mot Påske. 26.02. Førde kyrkje, 05.03 Sande kyrkje, 12.03. Vassenden Kyrkesenter, 19.03. Naustdal kyrkje, alle er kl 19.00. Vedlagt info-foldar.

- Gudstenesteplanen frå juni. Vi manglar planen som gjeld frå april - juni 26

- Toril sluttar og går over på AFP på ettersommar/haust.

Aud Førde
møteskrivar